


HEIDERSPRIS – FØRDE IL



JOHAN BETTEN

2019

Johan Betten f. 1936 har hatt tunge verv i Førde IL over ein periode på over 50 år. Han vart styreleiar i idrettslaget allereie som 24 åring, og sin siste styreperiode avslutta han i ein alder av 74 år. I nyare tid var Johan også aktiv i «Bymarkas venner» som har utvikla friluftsområdet rundt Hunsrasta og Bekkjavatnet - anlegg som har vore mykje brukt av FIL Sommaridrettskulen. Johan Betten var den som starta systematiseringa av Førde IL sine historiske arkiver.

Førde IL Hovudlaget (1960 – 2010)

Leiar i hovudlaget 1960, seinare styremedlem og leiar historikktutval i perioden 2004 – 2010.
Leiar for idrettsmerkeutvalet 1976 – 1979.

Førde IL Fotball (1963 – 1994)

Styremedlem i fotballgruppa 1990-1991, leiar i ungdomsgruppa 1994, spelte på Førde sitt A-lag store delar av 60-talet. Spelte på Førde Old Boys på 70-talet.

Førde IL Alpin/Sunnfjord Skisenter

Leiar og styremedlem for alpingruppa på 80-talet. Samstundes også forretningsfører og seinare også styreleiar i Sunnfjord Skisenter på 80-90 talet.

Sogn og Fjordane Skikrins

Styremedlem og leiar for alpinkomiteén på 80-talet då det framleis heitte Fjordane Skikrins.

Førde den 15.03.2019



Tor Starheim
Styreleiar Førde IL